

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Arbeids- og sosialdepartementet
Vedlegg S.nr. 200400518-34

SAKNR. 50/05
MØTEDATO 16.02.05

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Fylkesutvalet	16.02.05	50/05	

Utkast til Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for personer med funksjonsnedsettelse m.v. - høyringsfråsegn

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200500800-2
Arkivnr. 015
Saksh. Heggøy, Brit Mari

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

16.02.2005

**UTKAST TIL LOV OM RÅD ELLER ANNEN
REPRESENTASJONSORDNING I KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER
FOR PERSONER MED FUNKSJONSNEDESETTELSE M.V. -
HØYRINGSFRÅSEGN**

SAMANDRAG

Arbeids- og sosialdepartementet har i brev datert 27.01.05 sendt på høyring utkast til Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med funksjonsnedsettelse m.v. Høyringsfristen er 15. mars.

I lovutkastet er det foreslått at råd eller annan representasjonsordning for funksjonshemma skal lovfestast. Samstundes blir det opna for at kommunar og fylkeskommunar sjølv skal kunna velja korleis representasjonen skal organiserast. Det blir også lagt til rette for at fleire kommunar kan gå saman, og at ein kan ha felles ordning for eldre og funksjonshemma.

Fylkesrådmannen stør departementet sitt forslag til lovfesting av representasjonsordning for funksjonshemma.

FORSLAG TIL VEDTAK

Hordaland fylkeskommune viser til Arbeids- og sosialdepartementet sitt høyringsnotat "Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med funksjonsnedsettelse m.v." og gir slike svar til det oppsette skjemaet:

1. Bør kommunene og fylkeskommunene kunne velge om de vil ha råd eller en annen formalisert representasjonsordning?
JA
2. Bør flere kommuner/fylkeskommuner kunne ha felles råd eller annen ordning?
JA

3. Bør kommunene/fylkeskommunene kunne ha felles ordning for eldre og mennesker med funksjonsnedsettelse?

JA

Vi ber om at kommunene og fylkeskommunene også svarer på følgende spørsmål:

4. Har kommunen allerede opprettet råd eller annen formalisert representasjonsordning for mennesker med funksjonsnedsettelse?

JA

5. Er det sannsynlig at kommunen, dersom det blir gitt adgang til det, vil opprette felles råd eller annen representasjonsordning for eldre og mennesker med funksjonsnedsettelse?

USIKKER

6. Er det sannsynlig at loven vil føre til endrede direkte og/eller indirekte kostnader i forhold til det kommunen/fylkeskommunen nå bruker til å gjøre seg kjent med hvilket syn mennesker med funksjonsnedsettelse og eldre har i utformingen av politikken på områder som berører dem spesielt?

Mindreutgifter:


USIKKER

Merutgifter:

USIKKER



Paul M. Nilsen



Brit Mari Heggøy

Uprenta vedlegg: Høring – utkast til lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for personer med funksjonsnedsettelse m.v. Brev frå Arbeids- og sosialdepartementet 27.01.05

FYLKESRÅDMANNEN, 08.02.2005:

Frå Arbeids- og sosialdepartementet har fylkeskommunen 02.02.05 motteke på høyring eit utkast til lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for personar med nedsett funksjonsevne.

Høyringsfristen er 15. mars. Fylkesrådmannen registrerer at det synest meir og meir å bli regelen heller enn unntaket med korte høyringsfristar.

I dette høyringsnotatet har departementet lagt opp til at høyringsinstansane skal gi eit meir skjematisk svar enn det som elles har vore vanleg. Høyringsinstansane blir bedne om å svara på seks spørsmål der alternativa er ja – nei – usikker (stryk det som ikkje passar).

Bakgrunn for lovforslaget

Dei fleste fylkeskommunar og om lag halvparten av kommunane har på frivillig basis oppretta råd for funksjonshemma. Innan dei funksjonshemma sine organisasjonar har det vore eit ønskje å få lovfesta råda tilsvarende som for eldreråda.

I St. meld. nr. 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer konkluderer regjeringa:

”Regjeringen vil styrke brukarmedvirkningen på kommunalt nivå for personer med nedsatt funksjonsevne. Regjeringen vil i tråd med anbefalingen fra flertallet i Manneråkutvalget foreslå å lovfeste et krav om brukerrepresentasjon for personer med nedsatt funksjonsevne. Det vil være ulike måter å organisere slik brukerrepresentasjon på. Egne kommunale råd er et alternativ, men det kan også tenkes andre løsninger. Regjeringen vil derfor gi kommunene betydelig frihet til å velge hvordan den lovpålagte brukerrepresentasjonen skal organiseres. Regjeringen vil legge samme prinsipp til grunn i forhold til brukerrepresentasjon for eldre i kommunene. I mange sammenhenger vil det være naturlig å se brukerrepresentasjon for eldre og personer med nedsatt funksjonsevne i sammenheng.”

I Innst.S.nr.162 (2003-2004) sa heile sosialkomiteen følgjande om brukarrepresentasjon for funksjonshemma:

”Komiteen stiller seg heilt bak Regjeringa sitt ynskje om å styrke brukarmedverknaden på kommunalt nivå for personar med nedsett funksjonsevne, og støttar forslaget om å lovfeste brukarrepresentasjon for personar med nedsett funksjonsevne. Komiteen støttar også at kommunane vert gjeve fridom til å velje korleis denne brukarrepresentasjonen skal organiserast, slik at resultatet vert best mogeleg for alle grupper.”

Vurderingar

Departementet viser til at lovfesting av brukarmedverknad for menneske med funksjonshemming vil vera i tråd med FN sine standardreglar for like moglegheiter for funksjonshemma.

Korleis brukarrepresentasjonen skal organiserast meiner departementet at kommunane og fylkeskommunane bør ha fridom til å velja for seg. Dette er kome til uttrykk i lovforslaget ved at det etter § 2 skal opprettast råd eller annan representasjonsordning. Det er også opna for at fleire kommunar/fylkeskommunar kan gå saman om felles ordningar (§ 3).

Sjølv om det i høyringsnotatet blir peika på gode erfaringar med råd, bør kommunar og fylkeskommunar etter fylkesrådmannen sitt syn ha høve til alternative organisasjonsformer for best mogeleg å oppfylle formålet med lova, som er at menneske med nedsett funksjonsevne skal sikrast open, brei og tilgjengeleg medverknad i saker som har særleg mykje å seia for dei.

Etter departementet si oppfatning må fridomen til å velja løysing for representasjon også innebera mogelegheit for å laga felles råd eller anna ordning for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet peikar på at eldreråda for ein stor del behandlar saker som oppstår fordi mange eldre har nedsett funksjonsevne.

Fylkesrådmannen er enig i at kommunar og fylkeskommunar må ha høve til å oppretta felles ordningar for eldre og funksjonshemma. Som det er peikt på vil det ofte vera dei same sakene og problemstillingane som er aktuelle for begge gruppene. Fylkesrådmannen vil sjå ei felles ordning som positivt og trur at det kan gi større gjennomslagskraft og betre ressursutnytting. Korleis ei fellesordning vil verka inn økonomisk er ikkje godt å seia, her vil mange faktorar spela inn m.a. kva ordning det blir lagt opp til.

Departementet legg opp til at lova skal tre i kraft frå valperioden 2007 – 2011.

Lovforslaget

Lovforslaget frå Arbeids- og sosialdepartementet lyder:

Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med funksjonsnedsettelse, m.v.

§ 1. Kommunene og fylkeskommunene skal sørge for at mennesker med funksjonsnedsettelse sikres åpen, bred og tilgjengelig medvirkning i arbeidet med saker som gjelder tilgjengelighet og arbeidet mot diskriminering på grunnlag av nedsatt funksjonsevne, og tjenester for mennesker med nedsatt funksjonsevne.

§ 2. Kommunene skal for det formål som er nevnt i § 1 opprette råd eller annen representasjonsordning for mennesker med nedsatt funksjonsevne.

I kommuner der viktige oppgaver for mennesker med nedsatt funksjonsevne er lagt til kommunedelsutvalg, gjelder bestemmelsene i denne loven tilsvarende for disse.

§ 3. Hvor det er opprettet råd skal saker som gjelder de saksområdene som er nevnt i § 1 legges frem for rådet i god tid før de avgjøres. Rådet kan også selv ta opp saker innen disse saksområdene. Rådets uttalelse skal ligge ved saksdokumentene til det kommunale organ som endelig avgjør saken.

Rådet kan også ta opp andre saker enn de som er nevnt i 1. ledd.

Bestemmelsene i 1. og 2. ledd gjelder tilsvarende for andre representasjonsordninger så langt de passer.

§ 4. Flere kommuner kan vedta å opprette felles råd eller annen representasjonsordning for mennesker med funksjonsnedsettelse.

§ 5. Kommunene kan vedta å opprette felles råd eller annen representasjonsordning for mennesker med funksjonsnedsettelse og eldre.

§ 6. Kommunestyrene vedtar selv rådernes mandat og sammensetning. Reglene om forholdstallsvalg i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr 107 gjelder ikke ved valg av råd for mennesker med funksjonsnedsettelse. Rådets leder og nestleder oppnevnes av kommunestyret. Tilsvarende gjelder for eventuelle andre representasjonsordninger. Oppnevning av medlemmer skal gjelde for valgperioden. Ved oppnevning av representanter for mennesker med funksjonsnedsettelse i kommunen skal deres organisasjoner ha forslagsrett.

§ 7. Kommunene skal sørge for at de administrative funksjoner for rådene blir ivaretatt. Rådet har rett til å utale seg før kommunestyret oppretter sekretariat, vedtar budsjett og gir utfyllende regler for saksbehandlingen i rådet. Reglene om utvalg i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr 107 gjelder tilsvarende så langt ikke annet går frem av denne loven. Rådet skal hvert år legge fram en melding om virksomheten sin. Meldingen skal legges fram for kommunestyret. Tilsvarende gjelder for eventuelle andre representasjonsordninger.

§ 8. Bestemmelsene i §§ 2 – 7 gjelder tilsvarende for fylkeskommunene så langt de passer.

§ 9. Denne lov trer i kraft¹. Fra samme tidspunkt gjøres følgende endringer i Lov av 1991-11-08 nr 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd:

Ny § 5. Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek sjølve mandat og samansetjing av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsatt funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Elles gjeld reglane i denne lova og lov avom råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne så langt dei høver

§ 9. Fylkeskommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med funksjonshemmingar. Fylkestinga vedtek sjølve mandat og samansetjing av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsatt funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Elles gjeld reglane i denne lova og lov avom råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne så langt dei høver